

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 115/16 | Formannskapet | PS | 19.10.2016 |
| 107/16 | Kommunestyret | PS | 27.10.2016 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Jan Olav Osen | FE - 223 | 16/111 |

Industriutvikling Vest AS - Søknad om tilskot

Vedlegg

Industriutvikling Vest AS - Søknad om tilskot

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev ikkje tilskot til industriutvikling vest for perioden 2017 – 2021.

Formannskapet - 115/16 - 19.10.2016

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Austrheim kommune gjev ikkje tilskot til industriutvikling vest for perioden 2017 – 2021.

Kommunestyret - 107/16 - 27.10.2016

KS - behandling:

Framlegg frå H v/ Rikke Heldal Hope:

Austrheim kommune innvilgar søknad om årleg driftstilskot til Industriutvikling Vest AS for perioden 2017 - 2021.

Formannskapet si tilråding fekk 11 røyster og framlegget frå H v/ Rikke Heldal Hope fekk 6 røyster (H

og V).

KS - vedtak:

Austrheim kommune gjev ikkje tilskot til Industriutvikling Vest AS for perioden 2017 – 2021.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Industriutvikling vest søker i skriv av 12.08.16 om vidareføring av tilskot på kr. 125.000,- til inkubatorverksemda for perioden 2017 – 2021.

Vurdering

Austrheim kommune har bidratt med årleg driftstilskot på kr. 125.000,- sidan oppstarten av inkubatorverksemda i 2011. Kommunen var ein av pådrivarane ved oppstarten av industriutvikling vest AS som hadde kontor i næringshagen i Mongstadkrysset. Slik verksemda har utvikla seg er det ikkje naturleg å vidareføre dette tilskot frå Austrheim kommune då meininga med tilskotet var å få verksemder i gang.

Eg finn det ikkje rimeleg å vidareføre dette tilskot for ein ny perioden for 2017 – 2021.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommune gjev ikkje tilskot til industriutvikling vest for perioden 2017 – 2021.